

Vedtekter for Dans uten grenser-Førde



Om Dans uten grenser Førde:

Dans uten grenser held til på Skrivarløa, og tilbyr danseundervisning til jenter og guttar frå 1. klasse t.o.m 3.vidaregåande. Dans uten grenser er ein inkluderande organisasjon som er drifta av frivillige ung- instruktørar i alderen 13 -19 år. Opplæringa av instruktørar og instruktøren sitt arbeid er basert på ung- til-ung formidling, der unge sjølv lærer opp andre barn og unge innanfor koreografi og danseteknikkar, samstundes som dei skal vere gode rollemodellar med gode verdiar og haldningar. Målet er å gje barn og unge danseglede og mestringsevne. Elevane får vere med på ei framsyning i Førdehuset pr. semester, der elevar saman med instruktørane får vist fram kva dei har jobba med.

Opptak:

Hovudopptak gjennom elektronisk påmelding i byrjinga av nytt skuleår. De har høve til å sette dykk på venteliste dersom gruppa er full. Vi tek inn nye elevar ein mnd inn i nytt semester. Prioriteringane skjer etter ansiennitet på ventelista. Har du fått plass i Dans uten grenser Førde, og delteke meir enn to gongar må heile semesteravgifta betalast. Har du gløymt å sei opp plassen innan 15. mai er du pålagt å betale heile haustsemesteravgifta. Elevar som har plass treng ikkje søke på nytt kvart år. Vaksenleiar har ansvar for opptaket.

Fristar:

- Søknadsfrist for haustsemesteret er 20. august
- Oppseiingsfrist før neste semester 15. mai og 15. november
- Søknadsskjema/ utmelding berre elektronisk på www.førde.kommune.no

Pris pr. semester:

- 1.-8. klasse: kr 600.- for 1 time,
- 9. klasse- vidaregåande elevar: kr 650,- for 1,5 time.

Fråvær:

Dersom ein elev er vekke 3 gongar på rad, kan eleven misse plassen sin i elevframsyninga, sidan eleven då misser mykje av koreografien. Dette er noko vi fortløpande vurderer i dei tilfella det gjeld. Førsette må melde i frå til instruktørane på sms, dersom ein elev er sjuk eller ikkje kan møte.

Regla for timane:

- Møt presis
- Møt opp i treningsklede
- Ta med drikkeflaske.
- Høyr etter kva instruktørane seier
- Vis respekt for medelevar og instruktør

Førsette har høve til å vere med på dansetreninga dei to første gongane. Skrivarløa er ein fritidsklubb for ungdomsskulelevar. Vi ber derfor førsette om å ta omsyn til ungdomane som brukar Skrivarløa, ved at ein oppheld seg i rommet der dansen føregår.

Kontaktpersonar for DUG Førde: Ungdomsleiar Eli Britt Danielsen, tlf. 94818440 og miljøkoordinator Løa, Karin Fedje Bøyum tlf. 97005293. For meir informasjon føl oss på facebook: @DansUtenGrenserFørde, instagram:dug_karma